

Folk i sentrum prisen!

Folk i sentrum arrangementet vert i år på hausten, og helga 23.-26.september inviterer me igjen til folkefest i sentrum. Stord Næringsråd vil for andre gong dele ut «Folk i sentrum prisen» i samarbeid med DNB. Utdelinga vert del av Folkehelseforum på Arena torsdag 23.september, kor matsvinn, berekraft og sparing vert tema.

Me inviterer med dette alle på Stord til å nominera sin kandidat til

«Folk i sentrum prisen 2021»

Prisen skal gå til ein enkeltperson som gjennom arbeidet sitt har bidrege til å gjer ein forskjell for miljøet.

Berekraft handlar i kvardagen om å ta medvetne val - som enkeltperson og som del av ein organisasjon eller eit samfunn. I verksemder og organisasjonar kan ein ha strategiar for samfunnsansvar og berekraft, men til sjuande og sist er det enkeltpersonar sine handlingar som utgjer ein forskjell. I 2019 gjekk prisen til Svein Olav B Langåker for sitt arbeid i Framtida.no og Framtida junior. Svein Olav har eit personleg klimaengasjement og er mellom anna vaksenkontakt for Miljøagentane på Stord.

Me brukte i 2019 historia om jenta og sjøstjernene for å symbolisera kva verdiar me ser etter hos den som skal få «Folk i sentrum prisen». Me vil at også i år at denne historia skal spegla tankane våre;

Etter eit kraftig uvær gjekk ei lita jenta langs stranda. Uveret hadde skylt tusenvis av sjøstjerner opp på land, og jenta gjekk og kasta dei ut på havet ein og ein. Ein gamal mann kom gåande og vart ståande å sjå på jenta som kasta sjøstjernene ut igjen i havet. Han såg at det var veldig mange sjøstjerner og mange jenta ikkje kunne redde, og han sa til henne: Du kan ikkje gjera noko forskjell for desse sjøstjernene som held på å døy, det er så mange, og du er så lita. Du kan ikkje redde alle!

Jenta pukka opp ei sjøstjerne, kasta den ut i havet og sa: Men for akkurat denne litle sjøstjerna betyr dette alt!

Me trur det er viktig å sjå verdien av tankegangen til jenta med sjøstjernene. At verdien av handlingar som viser samfunnsansvar og berekraft vert satt pris på. Med «Folk i sentrum prisen» har me lyst å heidra enkeltmenneske som gjer ein forskjell for eit berekraftig samfunn.

Kjenner du han eller henne, som i sin arbeidsdag tar eit samfunnsansvar ut over det som er forventa, og som i det daglege jobbar for berekraftige løysingar? Me vil at du nominerer denne personen til «Folk i sentrum prisen» som skal delast ut 23.september i Leirvik sentrum. Send oss ein mail med namn på den du vil nominera, kor vedkommande arbeider, og ei kort grunngjeving for nominasjonen. Frist for nominasjon er 3.september på mail til Post@stordnaeringsraad.no

«Folk i sentrum prisen 2021» er eit kunstverk laga av Stordkunstnaren Lena Walton Herfindal, inspirert av tema matsvinn.

Juryen for «Folk i sentrum prisen» er; Arne-Helge Vaage - banksjef DNB, Svein Olav B Langåker - redaktør i Framtida.no, Gaute Epland - ordfører Stord kommune og Anne-Grete Sandtorv - dagleg leiar Stord Næringsråd.

